

Planprogram for kulturminneplan

Gaular kommune 2019 – 2024



Framlegg til offentlig ettersyn

Gaular kommune

Dato: 30.01.2019

Innhald

| | |
|--|---|
| Bakgrunn og mål..... | 3 |
| Bakgrunn for kulturminneplan | 3 |
| Bakgrunn | 4 |
| Formål..... | 5 |
| Kvifor lage ein kulturminneplan? | 6 |
| Innhaldet i kulturminneplanen..... | 6 |
| Framdrift..... | 7 |
| Framdriftsplan | 7 |
| Organisering | 7 |
| Medverknad | 7 |
| Utgreiingsbehov | 7 |
| Fokusområde..... | 7 |

Foto framside: Likholefossen

Bakgrunn og mål

Bakgrunn for kulturminneplan

Kulturminna fins overalt i våre fysiske omgjevnadar. Dei er meir eller mindre synlege spor etter menneska sitt liv og virke.

Kulturminna er ein del av vår felles arv og minne.

Kulturminnelova sin §2 inneheld følgjande tre sentrale ledd:

“Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminne inngår som en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminne og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.”

Kulturminnedefinisjonen er i seg sjølv svært vid, og er ikkje basert på ei verdivurdering av spor frå fortida. Det er heller inga aldersgrense for kva som er eit kulturminne. Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø er stort og samansett, både i tid og rom, form og funksjon.

Kulturminne er viktige og ein vesentleg del av vår kulturarv og knytt til forvaltninga av vårt fysiske miljø.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar og verdier i lokalsamfunnet. Kulturminne kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi.

Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?

Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss?

Og kva kan vi bruke kulturminnet til?

Det er opp til kommunen å avgjere kva som er viktige kulturminne lokalt. Utover det kan kulturminnet også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vere på eit internasjonalt nivå.



Langestølen Foto: David Zadig

Bakgrunn

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for komande generasjonar.

Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av plan- og bygningslova blir kommunen sentrale i dette arbeidet.

Det er ei forventning frå statleg hald om at kommunen registrerer og verdiset kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider desse inn i planar etter plan- og bygningslova. Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt til rette for at kommunane skal lage kulturminneplanar.

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, står det blant anna:

“God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskpsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017.

Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner.

Kommunedelplaner for kulturminne er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig auke oppmerksomheten og kunnskapen om dem.

Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging”.

Riksantikvaren lyste ut midlar til registreringsarbeidet. Gaular kommune har søkt og blitt tildelt 100 000 kroner frå riksantikvaren til arbeid med kulturminneplan, og kr 50 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune lyste ut midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan.

Gaular kommune har blitt lova at midlane er tilgjengelege endå.

Det vert stilt fylgjande vilkår til utbetaling av midlar:

Det skal liggje føre tidfesta plan for gjennomføring av registreringar og utarbeiding av kulturminneplan.

Det skal liggje føre politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan.

Kulturminna som vert registrert skal leggjast inn i kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med kulturminnesøk. Det skal også leggjast inn kulturminne i Askeladden, merk dykk vedlegg om registrering.

Det skal utarbeidast korte statusrapportar om framdrift som skal sendast til fylkeskommunen to gonger årleg, første gong, inntil arbeidet er slutført. Det vil bli sendt ut rapporteringsskjema som skal nyttast.

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal bidra til:

- auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommune
- oversyn over og verdsetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte
- betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- utvikling av eit godt samarbeid mellom ulike aktørar
- robuste samarbeidsmodellar med lokale kunnskapsmiljø på lang sikt

Det vart gjort vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan for kulturminne i SKU 09/15 og kommunestyret 011/15.

Formål

Eksisterande mål, nasjonale, regionale og lokale, for kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål - Prop. 1 S (2017–2018):

«Kulturminne og kulturmiljø utgjer vårt kollektive minne om samfunn og levkår i tidlegare tider. Kulturminne og kulturmiljø er ressursar som ikkje kan fornyast. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar og er ei viktig kjelde til kunnskap og opplevingar. Dei har betydning for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til enkeltmenneska, og er ein ressurs i utviklinga av gode lokalsamfunn og gode næringar. I dag er breidda stor og verkemidla i kulturminnearbeidet mange, men i eit samfunn der endringstempoet er høgare enn nokon gong, blir det stilt store krav til at forvaltinga skal vere tydeleg og føreseieleg. Dette gjeld særleg i og omkring dei store byane. Samstundes kan nye miljøutfordringar verke direkte inn på korleis samfunnet vernar dei kulturhistoriske verdiane sine.»

Regionale mål:

Lokale kulturminneplanar skal styrke lokale kulturminneverdiar. Kommunane forvaltar kulturhistoriske verdiar som kan bidra til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn. Sogn og Fjordane fylkeskommune hjelper kommunane i arbeidet med å utvikle lokale kulturminneplanar.

Lokale mål:

Kulturminneplan skaffar Gaular kommune oversikt over sine kulturminne og kulturminnas vurderte verdi. Dette vil vere viktig for kommunens planarbeid frametter.

Gjennom arbeidet med kulturminneplanen vil Gaular kommune få auka kunnskap om lokalhistoria og kvifor dei ulike kulturminna bør takast vare på.

Kulturminne og lokalhistorie kan bidra til økt attraktivitet, og styrke reiseliv og andre næringar til å utvikle gode tilbod basert på kulturarven.



Verna hus på Sveen.

Foto: David Zadig

Kvifor lage ein kulturminneplan?

- kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt
- kulturminne som skal takast vare på
- tiltak som må setjast i verk for at vi skal kunne ta vare på kulturminna

Arbeidet med kulturminneplanen skal bidra til at vi får:

- auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
- oversyn og verdisett viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- oppdatert dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk
- betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- utvikla eit godt samarbeid mellom ulike aktørar
- samarbeidsmodellar mellom lokale kunnskapsmiljø som blir robuste på lang sikt.

Gjennom arbeidet med kulturminneplanen skal det avklarast korleis planen skal innrettast, samt omfang og innhald.

Arbeidet med planprogrammet bør vere ein prosess der kommunen kjem fram til kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø, og kva som skal vere målet med planarbeidet.

Innhaldet i kulturminneplanen

Ein kulturminneplan skal systematisere og tolke relevant kunnskap og framstille denne på kart. Den skal avgrense kulturmiljøa, og gje ein heilheitleg framstilling i eit plandokument.

Innhaldet i ein kulturminneplan:

1. Innleiing om bakgrunn, planprosess, planforutsetningar/ lovverk m.m.
2. Temadel: Det skal vere ei kort overordna skildring av kulturhistoria til kommunen, med historisk samanheng frå steinalder til i dag, med vekt på viktige periodar. Med utgangspunkt i dette trekkast det opp aktuelle utfordringar og problemstillingar for plandelen.
3. Plandel: Gjennomgang av dei kulturelementa som er valt ut i planen. Gjennomgang av arbeidet som er gjort i felt og på kontor for å registrere, verdisette og vekte kulturminne. Og oversikt over kva område som ikkje er teke med.

I tilknytning til plandelen innarbeidast det ein tiltaksdel, med synleggjering av ansvarsforhold, iverksetting, tidspunkt for gjennomføring og økonomi. Tiltaksdelen skal følgje kommunens fireårige økonomiplanperiode.

4. Kartleggingsdel med oversikt over registrerte kulturminner i Gaular. Denne delen kan eventuelt følgje som vedlegg til planen. Det vert laga ei oversikt over kva kulturminne i kommunen som allereie har eit formelt vern, etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven, eller anna lovverk, kyrkjer som er listeførde av Riksantikvaren eller eventuelle objekt som inngår i landsvernplanar. Eit kart kan vise kor kulturmiljøa, som er spesielt nemnt og prioritert i kulturminneplanen, er lokalisert.

Framdrift

Framdriftsplan

Som følge av handsaming etter reglane i plan- og bygningslova vert planprosessen delt inn i følgjande fasar:

2018:

- November- desember: Utarbeiding av forslag til planprogram

2019:

- Januar-mars: Varsel om planoppstart og offentleg etter syn av planprogram (6 vekers høyringsfrist)
 - Januar: Folkemøte om oppstart av planarbeid
 - Mars – september: Kartlegging av kulturminner
 - Oktober: Handsaming av planforslaget i utval for oppvekst og kultur
 - Oktober og november: offentlig ettersyn av planforslaget (minimum seks veker høyringsfrist)
- Desember: andre gongs handsaming av planforslaget i utvalet for oppvekst og kultur
- Desember: Endelig handsaming i kommunestyret

Organisering

Utval for oppvekst og kultur er politisk styringsorgan for planarbeidet.

Styringsgruppe vert oppretta som kan vere støtte for prosjektleiar i det faglege arbeidet. Medlemmar vert leiar i oppvekst og kulturutvalet, og representantar rådmannen vel ut.

Det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå tenesteområda kultur og forvaltning i Gaular kommune, saman med representantar frå ulike delar av kulturlivet i kommunen og fortidsminneforeinga.

Tjenesteområde for kultur koordinerer planarbeidet, med oppvekst- og kultursjef er prosjektleiar.

Medverknad

Det vert arrangert møte der interesserte personar kan møte og verte invitert inn i arbeidsgruppe.

Folkemøte vert arrangert i kvar krins for å få innspel på kva planen skal innehalde. Det er mogelegheit for innspel etter kvart.

Mange kan vere med å registrere kulturminne.

Utgreiingsbehov

Noko av tilskotet frå Riksantikvaren og fylkeskommunen vert nytta til gjennomføring av registrerings- og kartleggingsarbeid.

Det vil bli vurdert bruk av ekstern bistand for deler av kartleggings og planarbeidet som vert finansiert av tilskotet frå Riksantikvaren og fylkeskommunen.

Gaular kommune skal ha brei medverknad for å skape interesse og engasjement om planen.

Gaular kommune må gå igjennom eksisterande kunnskap, vurdere om det må gjerast kontrollregistreringar, eller om det skal registrerast meir eller på andre måtar enn det er registrert i dag.

Fokusområde

Kulturminnefeltet er stort, og i planprogramfasen skal ein kome fram til område som er særmerkte og viktige for Gaular. Det er behov for å avgrense arbeidet og val av tema i kulturminneplanen

Tema som er felles for heile Gaular kommune:

Ferdslevegår

Gaular har vore eit knutepunkt. Dei som ferdest mellom Sogn og Nordfjord, måtte ofte gjennom Gaular. Båtar kom inn til Bygstad med varer og turistar.

Døme på ulike ferdslevegår i Gaular kommune:

Det er gamle ferdslevegår på Gaularfjellet.

Den trondhjemske postveg

Driftevegår

Dalemannsvegen over Sveien

Stølsvegår

Veg frå Følling til Høyanger

Skyss stasjonar og skysskarar

Overnattingsplassar



Gaula vassdraget

Elva Gaula går gjennom kommunen.

Mange kulturminne langs elva som

Industri langs elva som møller, sagverk og kraftverk.

Strid rundt freding av vassdraget.

Landbruk

Gaular er ein landbrukskommune.

Det er store forskjeller på korleis jordbruk vert drive i dag, samanlikna for berre nokre 10-år sidan.

Kulturlandskap endrar seg.

Utstyr og arbeidsmåter er i ferd med å forsvinne

t.d. løypestreng, gardfjøsar, hesjing, løgging, mjølkerampar og stølsliv.

Byggestilar

Husmannsplassar



Krigens kulturminne

I 2020 er det 80 år sidan krigen kom til Norge.

Det var krigshandlingar fleire plassar i Gaular.

Mykje krigshistorie i Aabergsdalen, Birkeland og Øksland.

Bunkersar på Øksland

Russiske krigsfangar

Mange tyskarar i Vikja i Bygstad

«Den svarte fredagen»

Industri og handel

Det har vore mykje og variert industri i Gaular kommune.

Det har vore mykje handel i Gaular. I eldre tider føregjekk mykje av denne handelen i Osen.

Av det vi har fått fram til no har det vore mykje industri i kommunen, og særleg i Bygstad.

Møller, sagbruk og kraftverk langs Gaula.

Tønnefabrikkar og mykje tønneproduksjon rundt på gardane.

Vikingetida

Gaular kommune har ei rikholdig historie frå vikingetida, då særleg i Osen i Bygstad. Osen er tusenårsstaden i Gaular kommune.

Nokre særleg viktige kulturminne i Gaular kommunen:



Viksdalsmåling
Viksdalsspringaren
Hestad kapell
Osen gard
Bygstad gamle kirkegard

Det er mange kulturminne som er viktige rundt i grendene.

Det er mogeleg å ha ein del i kulturminneplanen der alle kan registrere inn det kulturminne som er viktig for dei.

Val av satstingsområde i kulturminneplanen

Vi ynskjer at innbyggjarar i Gaular tek stilling til om dette er våre viktigaste kulturminne.

Eit val av satsingsområde inneber at kommunen i denne omgang vel vekk andre område. Områda vil få ei kort omtale i kulturminneplanen, men vert ikkje tekne inn i handlingsdelen.

Ved seinare politisk handsaming er det likevel mogeleg å få inn andre kulturminne i handlingsplanar. Vi ynskjer og at innbyggjarar brukar registreringsverktøyet og databasen Kulturminnesøk og registrerer kulturminne både innan og utanfor satsingsområda.



Osen og Osfossen
Foto: David Zadig